

Info om Hytta på Vågslid

Skjerdalen 63, Edland



Hytta ligg på Vågslid/Edland i Vinje kommune, ca 4 timars køyretur frå Bømlø.

Det er eigen parkeringsplass rett utafor hytta for 2 bilar som blir brøyta.

Nøkkelboks finn du på utsida av leilegheita. Kode blir tilsendt på SMS ca. ei veke før opphaldet.

Hytta har 3 soverom med sengeplassar til seks personar. 1 dobbelseng og 2 køysenger samt ein dobbel sovesofa på hemsan til 2 personar, med dyner og puter til alle sengeplassar. Sengetøy tar ein med sjølv.

I hytta finn du spisebord til 8 personar, sofagruppe, vedovn og TV.

Kjøkkenet har komplett service og utstyr til alle former for matlaging, samt kaffetrakter.

Røyking og husdyr inne i hytta inkludert balkong er ikkje tillate.

Det er stor terrasse på utsida med sitteplassar og bålpanne. I tillegg er det ein stor bod for oppbevaring av ski ol.

Ved til eige forbruk må ein ta med sjølv. Hugs det går alltid meir ved enn ein tenkjer, så ta med ein ekstra sekk.

Det er gode turløyper i nærområdet heile året. Kort vei til skiheiser, der ein kan renne tilbake til hytta.

Leigetakar må sjølv utføre reingjering av hytta, utstyr til dette finn du i hytta.

Den som har fått tildelt hytta, må sjølv vera med under heile opphaldet.

